

Jens Stoltenberg deltok på debatt i Europaparlamentets utanrikskomité

22. januar 2020

- *Jens Stoltenberg understreka behovet for transatlantisk samarbeid og sa det berre er NATO som kan sikre europeisk sikkerheit*
- *Han la vekt på behovet for fortsatt innsats i Midt-Austen, samla haldning overfor Russland og samarbeid for å møte nye sikkerheitsutfordringar*
- *Det er positivt at EU styrkar sitt forsvarssamarbeid, men dette må komplettere og ikkje konkurrere med NATO*
- *Det er eit godt samarbeid og god dialog mellom NATO og EU. Brexit er eit argument for å styrke samarbeidet ytterlegare.*
- *Stoltenberg fekk brei støtte frå dei fleste som tok ordet i debatten, men fekk kritiske kommentarar frå fløygruppene*

NATOs generalsekretær, Jens Stoltenberg, møtte tysdag 21. januar medlemmane i Europaparlamentets utanrikskomité, forsvarskomité og NATO-delegasjon til ein timelang diskusjon. Stoltenberg framheva Europaparlamentet som ein viktig institusjon, understreka at eit tett samarbeid mellom EU og NATO er viktig, men også at det er viktig med eit tett transatlantisk samarbeid. Berre dette kan sikre Europas sikkerheit.

Stoltenberg understreka at samarbeidet mellom EU og NATO er blitt styrka dei siste åra. Han viste til at han allereie har etablert dialog med dei nye leiarane i EUs institusjonar inkludert kommisjonspresident Ursula von der Leyen som han kjenner godt frå hennar tid som tysk forsvarsminister. EU og NATO er ulike type organisasjonar, men samarbeider godt og tett om mellom anna kamp mot cyber- og hybridåtak og i ulike operasjonar på Vest-Balkan, i Irak, Afghanistan og Egeerhavet. Trass skilnadar i synet på handel og klima har Nord-Amerika og Europa felles interesser knytt til fred og tryggleik. Sjølv om mange har inntrykk av det motsette, har USA auka sin innsats i Europa dei siste åra. Samstundes aukar også NATO-landa i Europa sine forsvarsbudsjett. Jamvel om budsjetta stadig er for små, er det eit viktig skift når landa har gått frå kutt til auke. Dette skjer ikkje for å tilfredsstille USA og Trump, men fordi det er i landas eige interesse.

Han framheva deretter tre område spesielt: Kamp mot terrorisme, tilhøvet til Russland og samarbeid for å takle nye utfordringar. Det har skjedd store framsteg i kampen mot terror ikkje minst i Midt-Austen. Samtidig er det stadig grunn til uro og det er viktig at støtte til mellom anna trenings- og kapasitetsbygging i Irak held fram. Om det ikkje skjer, kan vi risikere at ISIS kjem attende og at det på nytt blir behov for militær intervension. Førebygging framfor intervensionar er sentralt.

Stoltenberg understreka også at det er viktig å stå samla overfor Russland og dermed vise styrke. Dette må kombinerast med dialog. Ein meiningsfull dialog med Russland må omfatte våpenkontroll og USA må derfor vere del av dialogen.

Kunstig intelligens, autonome våpenplattformer og stordata skaper nye sikkerhetsutfordringar. Det er viktig med eit tett samarbeid og investeringar for å sikre at Nord-Amerika og Europa stadig ligg i front teknologisk. Dette gjeld ikkje minst i høve til Kina. Det betyr ikkje at NATO skal ha aktivitet i Sør-Kina-havet, men NATO må ta inn over seg at Kina har auka sin aktivitet i Arktis, Afrika og har kome nærmare gjennom oppkjøp av strategiske verksemder og infrastruktur og gjennom cyber-teknologi.

Stoltenbergs innlegg vart jamt over tatt godt i mot og mange ville delta i debatten. Langt frå alle av dei 31 som ynskte å stille spørsmål, fekk høve til det i tida som var tilgjengeleg. Dei fleste politiske gruppene ga uttrykk for støtte til hovudpunktet i innlegget. Ytre venstre (GUE/NGL) var ikkje samde i at auka europeisk forsvarsbudsjett styrkar europeisk sikkerheit. Ytre venstre (Identitet og Demokrati) meinte Stoltenberg snakka som om han representerte USA og at ei alt for ettergjevande haldning overfor Tyrkia viser at NATO er overflødig.

Fleire spurte om synet hans på at mange i EU snakkar om strategisk autonomi for Europa. Stoltenberg sa det er uklart kva som ligg i uttrykket, men at dersom autonomi betyr at EU skal gjerne meir aleine, er han skeptisk til dette. 90 prosent av EU-innbyggjarane bur i eit NATO-land, men etter brexit vil 80 prosent av forsvarsutgiftene i NATO-landa kome frå land som ikkje er med i EU. USA, Canada, Island, Norge og Tyrkia er alle strategisk viktige land i kraft av si geografiske plassering. Europeisk sikkerheit er heilt avhengig av NATO. Det er likevel positivt at EU og EU-landa styrkar sin innsats. Det vil også styrke NATO. EUs innsats må vere kompatibel til NATOs og ikkje vere konkurrerande eller alternativ. Med brexit forsvinn eit viktig land ut av EU. Brexit styrkar dermed ytterlegare behovet for eit tett samarbeid mellom EU og NATO.

Det kom mange spørsmål og kommentarar om tilhøvet til Tyrkia. Det kom både kritikk at av det blir gjort for lite for å hindre ulovleg leiteaktivitet i Middelhavet, at NATO og EU har gjort seg for avhengig av Tyrkia, men også av at mange har manglande forståing for Tyrkias situasjon og interesser. Stoltenberg understreka at Tyrkia er ein viktig alliert og har vore heilt sentral i kampen mot IS i Syria og Irak. Tyrkia har også opplevd fleire terroråtak enn noko anna NATO-land. Samstundes har Stoltenberg uttrykt uro for den militære intervensionen i Syria overfor tyrkiske styresmakter og understreka behovet for ei politisk løysing på konflikten i landet.

Han fekk elles spørsmål om Trumps oppmoding om auka NATO-engasjement i Midt-Austen. Stoltenberg viste til at det nå er drøftingar både internt i NATO og med landa i regionen om kva som skal vere NATOs rolle der. Det er ikkje konkludert ennå, men fokus bør vere på førebyggande aktivitetar.

Kommentar:

Stoltenberg gjentok tysdag mange kjende bodskap, men var kanskje enda tydelegare enn før når det gjeld behovet for transatlantisk samarbeid og om at europeisk sikkerheit er heilt avhengig av NATO. Han var brukte også mykje tid på å snakke om behovet for samarbeid

med landa i Midt-Austen for å kjempe mot terror. Stoltenberg har også fleire gonger tidlegare vore i Europaparlamentet og er populær blant mange parlamentarikar. Både nå og tidlegare blir det oppfatta som positivt at han set av god tid til å svare på spørsmål og faktisk svarer på dei spørsmåla som blir stilt.

Med helsing

Per S. Nestande

seniorrådgjevar

Stortingets Brussel-kontor

internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no